



Kalking frå dette helikopteret er effektivt!

Nokre timar i dag vil vi oppleve helikoptertrafikk over Uskedalen. Det er to bønder som får spreidd kalk på beiteområdet sitt. Med helikopter vert dette gjort svært så effektivt. Heile 61 tonn kalk skal spreist, og representantar frå helikopterselskapet Pegasus, som har oppdraget, meiner heile jobben skal vera unnagjort på 2 timar.



Spreiarane t.v. på tilhengaren vert plassert under helikopteret.

Pegasus held til på Gardemoen, og dei fortel at dei har slike oppdrag over heile landet. Denne gongen har dei oppdrag hos to bønder i Uskedalen, men når dei først er på desse kantar skal dei og kalka i nabobygdene. Kalken kjem i bulk med svære trailarar. Den vert 'blåsen' over i korgar. Desse heng under helikopteret, og spreiarar syt for at den vert effektivt fordelt ut over beiteområdet. Det er Forsøksringen som organiserer oppdraget her i Kvinnherad.

Ein av bøndene som nyttar seg av tilbodet, er Hans Reidar Kjærland. Han fortel at han plar kalke kvart tredje til fjerde år. Mykje sur nedbør gjer at ein bør kalke så ofte. Dette ser dei ut frå jordprøvar som vert tekne. - Det er ein effektiv, men kostbar måte å få gjort jobben på, seier han medan han fortel at han i år skal spreie 20 tonn kalk. Prisen er 2000kr pluss moms for kvart tonn, og det er ingen spesielle tilskotsordningar.

61 tonn, tenkjer eg. 61 tonn!! Tankane går så tilbake på tider då vi sleit 50 kilos gjødselsekker opp på beite for å kaste gjødselen frå bøtter. Tidene har endra seg. Det har vore litt av ei utvikling!!

Av: Thor Inge Døssland.



Kalken kjem i bulk med store trailarar.